

Ole Ullahamar:

Livet på Ullahammaren kring århundreskiftet


Dette stykket om livet på Ulla var opprinnelig skrevet som et bidrag til minnetevlinga som Landslaget for bygde- og byhistorie og Nasjonalforeningen for folkehelsen tok initiativet til i 1980. Ole Ullahammer sendte inn et stort, handskrevet manuskript til denne tevlinga, og noen korte deler av det ble trykt i boka «Møre og Romsdal i nær fortid» som kom ut i 1984.

Sunnmøre Historielag gjengir her hele manuskriptet som gir et svært godt innblikk i liv og levemåte i et kystsamfunn tidlig i dette århundret.

Eg vaks opp i Ullahamar, ei typisk fiskar- og jordbruksbygd. Det var ei herlig tid som eg ikkje villa bytt med nokon. Ullahammaren var kring 1870-80 det største fiskeværet på Møre - Sunnmøre. Her kjøpte dei fisk, dampa lever, selgte brennevin og det var eit yrande liv både dag og natt. Mor fortalte, det låg 70-80 båtar på hamna i fiskjetida, som varde frå Kyndelsmesse til Marimesse. Det kom folk frå fjordane på Sunnmøre og Romsdal, ja, heilt frå Hordaland kom det mange strilar i fiskjetida. Her var kring 400 mann. Å skaffe husrom å alle desse var ei sak for seg. Det låg folk så å seie over alt. I stovehusa, på sjøbudene og i rorbudene. Verst var det i landlegene, når karane ikkje kom seg på sjøen, og det var ofte, med dei båtar dei ha då. Då gjekk karane ut og inn, drog med seg skit og snøslaps, og kvinnfolka som skulle koke og stelle kunne ikkje få hendene fram. Mor fortalte at det stundom vart så gale med skit og lort inne i stovene, dei såg seg inga anna råd enn å strø tørr sand utover golva. Og når ruskeveret og landlega varde ofte i mange dagar og veker med, vart det sikkert eit temmelegt tjukt sandlag inne. Når så veret endeleg ga seg, og karane kom seg på sjøen, var det å ta sopelimen, spaden og trebøtta, og få skiten og sanden ut på husdøngen, som var like utanfor kjøkkendøra.

Det var noko dei kalla klokkarfiskje og grautafiskje. Det var når båra var so stor at småklokkaren (uer) vart hivd på land, og når det var så lenge mellom kvar gong dei kom seg på sjøen, at dei måtte leve for det meste av graut.

I god tid før fiskja tok til, for dei hovedsmenn som ikkje alt hadde fullt mannskap, til byen og skulle tinga seg rorskara. Det var på lag som ein



Fiskeværet Ullahammeren. Etter teikning av tollbetjent Severin Løeg, Valderhaug.
Biletet tilhører Aalesunds Museum.

marknad eller dyresjå. Dei største og kraftigaste karane vart snart utplukka, men det skulle mykje folk til å ro, så det var von for dei som var mindre og. Ja, det hende at ikkje alle hovedsmenn fekk nok rorskara i første omgang. Det er i frå den tida vi har ordtaket: «Mang ein long og lat, og mang ein liten og kvat.»

Siste dagane i januar måtte fjordkarane gjere klar å fare i fiske. For rorskaranes sin del var det greidt. Dei ha avtalt ei fast løn og maten. Men lotamennene og dragarane, dei som brukte berre rykk, dei sokalla sjølvfostringar, måtte syte for å ha ordna seg niste, og det vart meir omstendelegt. Dei som kom langvegesifrå måtte ha med seg mat for heile fiskja. Kjøt, flesk, poteter, flatbrød, kaker, ball og sjør, for å nemne det viktigaste.

Så skal de få høyre kor det gjekk med ei kar frå Fræna, som kom til gards på Ulla seint ein mørk kveld. Ja, dei ha halde på å sigldt og rodd både vel og lenge, og nådde endeleg fram, og ha med stor og god niste, deriblant ein stor dall med ball. Med det same han skulle stiga opp på dørhella, snova han og slepte dallen. Den for rullande burt etter husdyngja og loket for sjølvsagt av, og ballen ut over dyngja. Ja, kva skulle han gjera. Å banna var lita hjelp i, han kom til at han ha ikkje noko val, han måtte få

ballen oppat i dallen så fort som råd. Han kunne ikkje vente til det ljosna, for det var ein viktig del av nista, til heile fiskja. Husmora kom no og hjelpte til, slik dei fekk ned luka som var opphavd for kjøkenglaset, slik det vart eit lite skin ut på dyngja og så var det klart for fræningen å gå i gang å plukke ballen oppatt i dallen. Om ei stund tykte han at alt ikkje var som det skulle. Det var både skapelonen og konsistensen som ikkje stemde med ekte god frænaball, og mørkt og svart var det. Men enno ha han ikkje brukt meir enn ein av sansane (kjensle). Han måtte ta smaken til hjelp. Men då var det ikkje lenge før han oppdaga fremmedlegeme og så prata han opp i høyt. Det kom ikkje meir opp i dallen før han ha smakt på, og so sa han: «Ta va ball, tvi mæ, ta e kammar. Ta e ball.» og so gjekk det på. «Ta e ball og ta e kammar» heilt til dallen var full. Men so snart det ljosna av dag tok han dallen med seg nedatt på dyngja og sorterte det betre, slik at det meste av ballen vart berge og dermed nista sikra.

Fiskjetida var ei ekstra arbeidskrevjande årstid både for kar og kvinne. Var det godt ver, og det ville ein helst ha, vart det mykje roing og garndraging, det røynde på både her og der, og når dei kom til lands, var det å bære fisken i kaser på ryggen, ofte i stor fjøresjø, 40-50 m opp til naustet.

Her på øyane i Haram var det kvinnfolka som stelte fisken, og det var ikkje noko lett og fjølslegt arbeid. Å stå ute i eit naust, ofte i bitande kulde, å handtere frozen fisk, var ingen dans på roser. Einaste råda var å drive på, slå flake og arbeide hardt, til ein fekk opp varmen i kroppen og så halde det gåandes til fisken var kommen i salt.

Når det ikkje var sjøver, bøtte dei garn og vølte på segl og båtar alt etter som det trongst. Rorskarane måtte og køyre tare. Når båra var stor kom det mykje tare fram i støene og var til plage når båtane skulle ut og inn. Dei fortalte om ein rorskar som hadde køyrdt tare i fleire dagar, og det var eit slitsamt strev å stå med ei stor tung tregreip og lesse tarekurv. So ein dag bestemte han seg for att dette skulle det vere slut på. Han sette hesten på stall, gjekk ut i naustet, sette seg opp i ein båt, tok ei år, og byrja å ro. Så kom husbonden og spurde kvifor han gjorde dette. Svara han: «Eg er leigd til å ro, men ikkje til å køyre tare.»

Når fiskja var slutt reiste rorskarane. Men hovedsmannen og lotakarane måtte byte fisken, for den skulle vaskast og tørkast. Lotakarane som var i frå fjordane tok sin lot med seg heim og tørka han der. Men det meste av fisken vart att på øyane. Å få tørr fisken var ein vitenskap for seg, det kom mykje an på veret. Dertil kom det på same tid som vårvinna i jordbruksområdet. Når så fisken var komen på berge og kornet i

jorda, var tida koma å spa torv og brenne tare. Det var som dei gamle sa, det eine må gjerast og det andre ikkje forsømast. Eg er så gammal eg har vore med på litt av dette, og eg vågar den påstanden, at dei som veks opp i dag, har ikkje det minste begrep om kva som kravdest og måtte gjerast for å kome seg igjennom året. No høver det kanskje å putte inn ordtaket: «Forlite og formykje er to stygge ting.»

Men det var so vist ikkje berre slit og elendigkeit. Det var noe som heitte arbeidsglede. Var det ein dag med sol og god tørke, og ein kjende kor fisken stivna og såg han kvitna, sa ein, «Ja, dette har vore ein velsigna dag.» Sjølv om ein lagde seg ned trøytt som ein maur ogsov som ein stein. Sameleis når ein såg kornet spirde og graset grodde, då kjende ein velværet. Ja ein var lukkeleg, for det gav von om mat til både folk og fe. Og so gjekk tida, ein dag sol og ein dag regn, slik som det har vore og må vere om alt skal lukkast.

Me borna såg fram til den store dagen då me skulle få vere med til byen og selje fisken. Åja, ikkje berre me, dei aller fleste husmødre var og i byen berre denne eine gongen i året, og det kom vel mykje av at då tok dei storebåten, slik at heile huslyden kunne reise, burtsett frå dei som måtte vere heime og passe det som der var.

Me kom til byen slik i nonstida, og dei som ikkje kunne liggja ombord i båten, måtte på land og tinge seg hus (lysiment). Når ein så trefte kjenningar spurde ein kvar helst dei ha fått lysiment. Slektningar og kjenningar ville helst vere i lag på same lysiment. Me frå Ulla tok inn hjå Malla Søvik så sant der var rom. Ho dreiv pensjonat i Tollbugt. i Ålesund. Det var ikkje lett å få sove første natta i byen, han jonblund heldt seg på fråstand, og det var ikkje anna å vente, ein ha då sett og høyrdt så mykje uvant. Men tidleg om morgenon vart vi vekte, då ramla og skramla det i koppar og kar, og ho Malla og tenestetausene småsprang og dytta burt i bord og benkjer og det var eit svært spetakel. Men ingen av gjestane klaga over det. For ho Malla og co var i sin gode rett. Huset var fullt av gjester, og det var mykje som skulle gjerast, til dess folket kom å skulle eta morgonmaten.

Når me kom inn i den store matsalen, var der mange langbord med voksdukar på, og koppar og kar og mat, som ein såg berre denne eine gongen i året. Det var bykarmat dei kalla, fleire brødsortar, rosinkake, kringle, kavrings, sylte, sirup, mysost, kokte egg og røykasild. Det var ei oppdekning og eit sløseri som ikkje vanlege folk kunne ta etter, høyrdde vi dei vaksne kviska seg i mellom. Ved langborda sat husmødrene og borna på ei side, og vaksnekarane på den andre sida, og praten gjekk livleg. Vi

borna og mødrene snakte mest om det me ha sett i butikkane, og kva vi skulle kjøpe med oss heimatt. Karane derimot tala om fiskeprisane og kven dei skulle selgje til. Dagen før ha dei spurd seg føre om prisane, så dei visste nokolunde kva dei kunne få for vekta. Ei tørrfiskvekt var 20 kg, og prisen var stort sett den same. Det kunne variere på ein 25 øring eller 50 øring, alt etter så moda dei var, som skulle kjøpe. Var hamna full av båtar med tørrfisk, såg det ut som kjøparen var likesæl. Derimot var det lite fisk kunne dei godt by over ein annan. Så det er ikkje noko nytt fenomen, dette med tilbud og etterspurnad.

Som oftast vart fisken levert på same stad år etter år. Dei som kjøpte fisk, handla også på vegen, slik at dei kom i eit visst avhengigforhold til ein annan. Var fiskaren fornøgd med prisen og sorteringa, og kjøpmannen fekk betaling for vegna han ha levert, var det jamnt eit godt forhold mellom fiskar og kjøpmann.

Byturen varde frå 2 dagar til mest heile veka, alt etter so mykje fisk og folk det var i byen. Når så fisken var levert og alle hadde gjort seg ferdig, var det å fare heimatt, og det ha vi ikkje noko i mot. Om borte er bra er heime best, og vi ha ikkje problem med å få sove første natta heimattkomne.

Når fisken var levert skulle båtane på land så dei fekk tørke, og så smørjast, og for oss gutungane især var det mest like morosamt som å fare til byen.

Strakst ovanfor Vålen (hamna) ha kvar båt si stø. Dei ha eit gangspel som dei eigde i hop alle, og flytta frå stø til stø. Dei ha ei 3 skiva og ei 4 skiva blokk og eit langt sterkt tog, og når det so var 8, og om det trongst 12 mann gjekk på gangspelet, so måtte båten fram, om han var stor og tung.

Når dei skulle drage fram båtane ville dei helst ha stilt ver og det måtte vera på ny eller full måne, for då er floda størst. Dei lempa ballasten, tok ned masterne og letta båten så mykje som råd. Så smurde dei renna og slabeitene, og gjorde alt klart til dagen båten skulle fram. Når dagen kom møtte alle fram for å gi ei hjelpende hand, og vi gutungane utebleiv så visst ikkje.

Dei ha to färingar og mykje tog med seg når dei rodde ombord i båten som skulle på land. Så rodde dei ut eit langt tog i frå båten og feste det i støa der båten skulle fram. Dei løyste båten frå utfaret og hala seg tillands. Då var det om å gjøre å treffa renna der båten skulle dragast. Det var ikkje alltid det lukkast første gongen ein prøvde og mang ein våt fot og hand har det vore inne i Ulla-Vålen når båtane skulle fram.

Når so båten var komen på renna og talja festa börja gangspelet og gå

rundt og båten seig sakte fram, og då vart det mykje roping og sjauing. Det gjekk på hal, stopp, hal, stopp, heilt til båten var framme. So vart det å skure og bitte han, for her er ofte sterk vind. Dei tok både ankera, eit framme, det andre bak, feste dei godt ned i grunnen, lagde kjettingen over rekka og feste dei på andre sida, slik dei skulle vera trygge kvar han bles i frå. Og det same tok seg oppatt kvar gong ein båt skulle fram, og me gutungane var der støtt og hjelpte til alt vi vann, og fekk både ros og ris, men mest ros. Dette var båtar som ikkje var i bruk om sumaren. Dei som dreiv på langgrunnen og i eggala dei berre fram på sanden og botnsmurde dei der.

Ullahammaren eller (Gnedne) som gamlekarane sa, er eit pussigt landskap. Den bestend av stein på stein, omlag som når ein stor lastebil, ja, han måtte vera uvanleg stor då, tippa lasset. Steinen er mørk og så beistra tung. Eg trur denne steinen må vere komen langveges frå, fylgt med isen i si tid. Når eg var liten var her ikkje vegar gjorde av menneskehender, berre trakka råser i krok og krik i mellom steinane. Å få has på alle denne store tunge steinen var ikkje noko enkel sak. Å sprengje Stein med krut var no ei gamal råd, men etterarbeidet vart for mødesamt, krutet sprengde for lite. Men så kom dei i kontakt med ein kar dei kalla sluske Hans. Han ha kjennskap til korleis ein skulle handtere og bruke dynamitten som Nobel hadde funne opp, og i samråd med han bestemte dei seg for å gå i gang å få ei ombot på elendigheita. Han sluske Hans stod for skytinga, og ellers så gjorde dei arbeidet sjølve, utan dirigering eller økonomisk støtte fra vegmyndigheita. Det vart ein god veg må ein sia. Ein fekk køyre rundt heile hammaren med hest og vogn, og gjorde teneste i omlag 60 år. No har denne vegen delvis fått avløysing av ein ny veg.

Å få leve barneåra i Ullahammaren i frå 1904 og frammetter var eit privilegium. Vi opplevde så mykje rart og trivelegt at det er ikkje betalt med pengar. Her var eit såkalla pressområde, mange ville byggje her, men fekk ikkje kjøpe seg tomt. Her var romsdalingar, nordfjordingar, bergensarar, trønderar, færøyinger, strilar og frå øyar og fjordar på Sunnmøre. Dette sette sitt preg på staden, det vart mange dialekter og talemål, og vi som vokste opp i dette konglomeratet ha meir enn nok med å forstå, å gjere oss foreståelege. Det var ikkje alltid det lukkast, men ved teikn og underlege gjerningar kom ein seg oftast bra i frå det.

Eg minnest med glede og vyrdna alle desse trufaste sliterane, som ha kvar sin måte å ordleggje seg på. I dag ville dei verte heitande originalar. Eg tykte dei var gode hyggjelege naboor. Men alle desse måtte døy, og frå tidleg barndom vart vi fortruleg med det. Dei låg heime og talmast sakte,

men sikkert burt. Når han eller ho døydde vart det ei vemodsstemning i heile grannelaget, folk kom seg ikkje til å gjere noko sers. Det einaste var når det hende i fiskjetida då tykte folk dei måtte drive som vanleg.

Når den døde skulle leggjast i kista fekk naboane vite det, og dei som kunne møtte fram. Ein fekk då høyre korleis den døde ha det på sit siste. Så song og las dei litt, så sat ein ei stille stund. Likhalmen vart utboren og brend, so vart gravferdsdagen bestemt og folket gjekk kvar til seg. Dagen før gravferda gjekk eller rodde naboer til kyrkjegården og leste opp grava. Samme dag gjekk ein av dei næreste til den døde i utmarka for å hente eine. Vi borna var med og hjelpte til. Tidleg om morgonen gravferdsdagen vart det strødd eine på golva i syrjehuset og utanfor huset, heilt ned i støa der kista skulle i båt.

Når nokon døydde i den mørke årstida tok sørjehøgtida til så tidleg som råd var. Då ha alle som kunne koma sessa seg rundt kista. Så vart det sunge ein salme, lese eit bibelord og tala om kor kort eit menneskjeliv er, samanlikna med evigheita og kor viktig det er å stella seg slik her i tida at ein er ferdig å fare når ein får budet. So tok dei loket av kista, og den som ville fekk høve til å ta eit siste farvel med den avlidne. Kisteloket vart pålagt og slekt og vener bar kista ned i båten. Alle dei andre i likfylgje fylgte etter heilt ned i støa. Båten la frå land og likfylgjet løyste seg opp litt om senn.

Men livet måtte gå vidare. Romet der den døde hadde lege skulle vaskast og det var ei uskriva lov at alle var med på det. Dei karane som var att heime tok til å rydja ut bord og benkjer, sengjer og skap. Kvinnfolka gjekk heim og henta varmevatn med litt grønsåpe i, og var straks tilbake i syrjehuset, og nedvaskinga var i full gang. Når det var gjort, bar dei innatt det som vart utbore og som no var reinvaska. Det lukta grønnsåpe og eine, og det var ei god lukt tykte me.

Når det leid til nonstid samlast folket att til gravøl som dei sa. Nemninga gravøl er eldegamalt. Det vart ikkje framboade øl eller rusdrakk her i noko samkome. Men folk samlast om eit godt matamål og ein hyggjeleg prat. Dei gamle fortalte om både sorger og glede i gjennom eit langt liv og vi borna fekk ei klår innføring i levesettet, slik det var før og utvikla seg så langt tilbake som på 1800-talet. Det låg ei vemodstemning over dei vaksne i slike høve. Men for oss born var det mest som høgtid. Det var vel all den gode maten og praten som gjorde det, og då vart det slik at sorgen og gleden de vandred til hope.

I min barndom og ungdomstid var ikkje presten med i gravferder. Rutesambandet, kommunikasjonstilhøva, tillet ikkje det. Den døde vart

ikkje jorda med det same. Men med visse mellomrom kunngjorde presten kva tid det skulle vera jordpåkastelse. Han las opp namna på dei, so dei pårørande fekk vite det. Det kunne vera opp til 4 - 5 som vart jorda på ein dag.

Eg budde vegg i vegg med ein av medhjelparane og gjekk ofte til kyrkje i lag med han og mange andre. Det var 9 km å gå. Når karane nærma seg kyrkja skifte dei skrå. Dei ha gått og togge og sputta heile vegen, så skråa var vel utvatna. Inne i kyrkja var det massevis med sputtebakkar, det trongst vel. Når presten heldt opp eit augneblink og liksom tok seg nytt tak, så høyrdie ein kor det klaska ned i dei store malmbakkane. Det blei eit ekko og som ei stadfesting til det presten sa. Ja, det var like visst som Amen i kjærka, som nordlendingen seier det. Dei fleste av desse eg minnest, både togg og røykte. Før mi tid, strakst preika var over, gjekk dei burt i gamle Austnestunet som låg berre eit steinkast i frå kyrkja og fekk seg ei glo som dei tende opp pipa med. Men dei gjorde seg snare der, for ofte ha lensmannen noko han skulle kunngjere frå kyrkjebakken, som ein ikkje måtte gå glipp av. Og ein måtte frette nytt. Kor det ha gått i fiskja. Kor mange tusen torsk kvar ha fått og kor mange vinterfora naut dei ha på bås o.s.b. Dette var sers viktige ting å vite for dei som var med i likningskommisjona når dei møttest for å bestemme kor stor skatt kvar skulle ha. So ha dei gjerne born som var komne opp i giftemoden alder, og då måtte ein snakke vel med foreldre og slektingar til den som ein ha tenkt seg som høveleg ektemake til ein son eller ei dotter. Så desse dagane kunne ofte verte langdrygje, men så ha ein også fått mykje unnagjort.

Då som no var det 7 dagar i veka, men med den skilnad, at då var det 6 arbeidsdagar og dei måtte vel nyttast. Ordet ubekvem arbeidstid var ikkje oppfunne. Her dreiv dei fiske jamnt. Hysefisket som før var berre til husbruk vart no eit heilårsfiske for salg. Dei kjøpte all den hysa dei fekk tak i. Sende den på utlandet. For det meste til Tyskland og England. Fisken vart isa i store kasser på 500 kg, sendt til Ålesund med ekstra båt og overlossa der. På sjøbudene ha dei ekstra rom for både salt og is. Når det kom isskuter eller saltskuter leigde dei så mykje folk som dei kunne få tak i, for å töme dei på floda, elles vart dei ståande. Og alt arbeidet måtte gjerast med handemakt. Det var ikkje tale om å ta 5 minutt før skuta var tom. Om vintrane bar dei fullt ishuset med snø. Dei gjekk og bar snø i kaser i dagevis, og vi gutungane var inne i huset og trakka og trakka snøen i hop. Når det lødna i veret og snøen sokk betre i hop vart det mest som is. Når det var sjøver og det kom inn mykje fisk måtte isen utatt og det var mykje gutungane sitt arbeid. Vi ha ei stor treklubbe og slo isen i passende

stykkje og kasta det opp i kværna som vi sjølvsagt drog med handemakt. Isen for ned i ei 90 l. kasse som sto under kværna. Det gjekk ikkje lang stunda før vi måtte kaste både hue og trøye. Og sveiten rann godt kan eg hugse, og travlegaste dagane var vi nokså spake når kvelden kom, og kveldsgrauten smakte ekstra godt og vi slapp å ta inn sovetablettar. Betalinga var 5 øre kassa. Vi ga opp kassetalet åt nå gamle-Knut. Han var bryggjemann og han skreiv det opp med krit på ishusveggen. På salthusveggen skreiv han opp med krit kor mykje salt som var levert. Når det var landlege og lite å gjere ha han ei bok som han førde opp i både isen og saltet, og strauk ut det han hadde skrive med krit. Dei dagane fekk vi oppgjer og det såg vi fram til.

Han gamle Knut hugsar eg som det var i dag. Han gjekk der med blauthatt, i treskorstøvla, med oljeforklede, nasedrope og raudblåe hender og fingrar. Ein arbeidets adelsmann.

Elles så engde vi liner, tredde opp torskehaud, slo på minebor for 2 øre tommen og ymse anna. Vi ha rikeleg med lommepengar, men det meste vart havd på sparebøssa, men for at det kunne skje, måtte vi både fryse og sveitte. Det var ikkje då som no, at kusiner og fettalar og andre, stappa fulle sparegrisen med seddelar. I den årstida det var lite å gjere på sjøbudene hjelpte vi til med jordbruket. Var med å køyrd vekk slikt som dei ha rydd saman i dungar og låg utover alle marker, var med på å sette poteter, slo med stuttovr, trakka lass, og so fekk me ete slåttagraut so mykje me ville. På ettersumaren når dei batt dyra på håa, var vi med å leidde dei. Å ta opp poteter var morosamt, men ein kunne risikere å få potetkjøsa, og det var verre enn å brenne seg. Var ein så uheldig å ha fått fleire av desse køysene, vorte sist med slåtten, sist med potetene, og sist med skurden, ja, då var vi ikkje så høg i hatten. Men at det kunne gå så gale var vi heldigvis skålne for. Her var ein ungkar som dreiv gard og han hadde ofte lite arbeidshjelp slik at dei fleste køysene overvintra der.

So når all avling vel var kome i hus, visste vi at den mest dramatiske og spennande dag var nær. Det var den dagen då dei slepte på bøen. Når dei ha mjølka frå seg, let dei opp fjøsdøra, og ku, hest, sau og kalv, fekk springe fritt, over alt som dei ville. Det var eit dyresjå i ordets rette forstand. Dei hoppa og dansa, stangast og belgja, øyste og spente, so mold og grastovr fauk himmelhøgt. Med det same sirkuset tok til heldt vi borna oss på tilbørleg avstand. Men etter kvart som oppvisninga dabbast av trakk vi oss nærrare og nærrare innpå, og leid fram til middag, kunne vi snakke og klappe, sjølv dei mest agressive artistar. Då ha dei bygst og sprunge så lenge og var så svoltne, at dei måtte syte for å få noko i vomma.

Ein kunne tru, at når dei var i ein slik fridom, etter å ha vore bundne i lang tid, sprang på vidda og aldri kom att meir. Men det pussige var, når det tok til å skymast so leitte dei oppatt fjøsdøra der dei høyrdhe heime. Det kunne vere eit og anna dyret som vingla litt dei 2 - 3 første dagane, men elles gjekk det greidt, og på bøen gjekk dei så lenge til snøen kom.

So vart det treskinga. Det fyrste eg minnest brukte dei 2 hestar som drog eit stort hjul og snor derifrå og inn på treskemaskina, sokalla (hestevandring). Seinare tok dei motorane ut av båtane og brukte dei til drivkraft, og vi borna var i halmstålet og trakka og trakka. Vi vart både trøytte og leide, men sette vi oss ned ei lita stund, var det ikkje lenge før nokon ropte, no må dykk trakke, og so var det berre å gå i gang att å trakke. Vi fekk maten der vi arbeidde og so eit kornband som vi skulle ha å mate fuglane i jula.

So vanka det ein del omstreifarar (splint). Dei kom roande eller siglande og vi kjende dei på lang leid. Dei ha sin eigen måte å ro og sigle på, og når dei kom så nær vi var heilt sikker, sprang vi rundt i nabolaget og ropte. «No må dåkke ta inn klærne som heng ute, det kjøme splint.» Og klærne vart inntekne, for dei ha røynsle for, når slikt folk kom til gards, ha det egenskap til å minske på klæssnora, sjølv om det var stave stilla.

Når dei treftet land, så var det å kome seg ut av båten. Voksnekarane tok av seg skorne og hosane, brette broka oppom kneda og steig uti, tok kjærringane på ryggen og bar dei fram på det tørre, og borna og pargasje same veg. Dei slo leir ovanfor flodamålet. Båten drog dei fram og kolvde som dei gjekk innunder når det regna. Vi borna som med spente nerva ha fylgt med i dette, tok nå til å nærmere oss leiren. Vi gjekk nokre skritt, sette oss, og gjekk att, og til slutt kom vi så nær vi kunne snakke med dei. Dei prata, song, spelte trekkspel og munnspele, og vi tykte det var vanlege folk. Det einaste som skilde var klædrakta. Dette tok seg oppat år etter år, og vi ha mange trivelege stunder ilag med splinta. Dei som kom landevegen og skulle vidara, rodde vi over til Flem, og fekk kvar sin 10 øring for det. Det hende dei gjekk på land utan å betale, men det var skjeldan. Men det var ikkje berre splint som for her når vi var born. Det var slike som ha tent her eller vore her i fiske i unge år. Eg minnest godt han både Bern, ein stor røsleg kar. Han stod og såg opp i fjellet og fortalte til oss borna kor dei klivra oppi alle kløfte og flæ og plukke måsegg. Men det var berre han gamle Johannes og han Kari Johan som greidde å gå oppi Hegreomnen, sa han. Dei brukte toleknivane og stikke inn i bergrivnene, og då kom dei seg opp. Han både Bern var far til Bretanus Berntsen. Han som saman med Elias Åkre var dei første som prøvde med drivgarn etter storsild på det

åpne hav og som var eit av våre største fiske i omlag 70 år.

So må eg nemne han Lars Petter. Det var ein gamal lægdekall. Um sumaren for han rundt på øyane her å tigga. Han kom stilt inn i husa, stilte seg opp attmed beiskia (dørkarmen). Men det gnatt ikkje i han, men folk visste erendet hans og gav han nokke øre og so gjekk han ut, like stilt som han kom. Um vintrane budde han på prestegarden. Vi såg senga som han ha brukta då vi gjekk å las for presten.

Han losse Lars må eg og ta med. Han måtte gå tre år å lese før presten med god samvittigheit kunne konfirmere han. Men Pontopidans dobble forklaring var vel ikkje så rett enkel å hanskast med, så det kunne vera hardt nok for nokon kvar.

Losnamnet fekk han av di han vart so godt kjend på leia mellom fastlandet og prestegarden på Kjerstad. Han Lars fekk seg både kone og born og eit stykke jord av prestegarden. So han fødde eit par kyr og nokre sauherd, og i 1919, trur eg det var, då vi ha forbudsavrøyting her i landet, kvenn andre kom til Ulla å tala om fråhaldssaka, enn han losse Lars.

No kan ikkje eg referere talen hans Lars, anna enn han oppmoda folk til å stemme vekk brennevinen, som han sa. Men eg hugsar noko av det siste i talen. Han tala varmt om han Ornestad, som var ein forkjempar for fråhaldssaka. Men takka han fekk var at dei sturta 2 lass rotne poteter ned for stovedøra hans, sa han Lars.

So var her eit par dei kalla Kambe Jo og Kambe Johanne. Dei budde i ein kjellar og ha berre ei grue til ildstad. Han Jo laga og selgte kambar. Dei buddde saman i det som no heiter papirløst ekteskap. Presten og lensmannen var her og skulle ordne opp i sakerne, men ho Johanne sa, han Jo lappa skorne mine, og i bæte sokkane hans; slik har de vore, og slik skal det være, og slik vart det.

So må eg nemne alles venn, Johan Hermann Løeg. Han var ein av dei siste som dreiv handel i Ullahammaren, og spelte falitt som dei sa. Når det vart slutt med handelen vart han ansett som fyrvokter på eit av fyranene her på Ulla. Han Løeg var ungkar og spelemann (spelte fele). Han var tryllekunstnar og alles venn, var med i alle brudlaup, og elles der folk samlast. Han Løeg budde i det huset der fyrvokta var. Først kom ein inn i ein liten gang og so rett inn i fyrvoktsrommet, som ha ei golvflate på ca. 10 - 12 rutemeter. Fyrljoset var plassert midt i rommet, og so var der omn, seng, eit skåp, eit lite rundt bord, 3 - 4 stolar og ein benk. I landlege var der folksamt hos Løeg. Det var ofte berre med det rømde. Han Løeg spelte fele og han Fillip klarinett. Sume spelte kort og meist av alt røykte.

Fyrlykta kunne ose og omnen ryke inn. I slike stunder lyste vel ikkje fyret så bjart som det skulle, men kva gjorde vel det, når båtane låg i hamn og karane var samla hjå Løeg.

Tidartrøyta skifte mellom musikk, kortspel og tryllekunst. Han Løeg utfalda sine kunster både med kortstokken og pengestykke, så ein kveld kom ein 2-kroner heilt vekk. Dei grov å leitte, men pengen var ikkje til å finne. Når tida kom då folk skulle gå heim, gjekk Løeg ut i gangen, kom inn med ei øks, en liten spikar og ein tråd. Han slo spikaren i veggen over døra og hengde øksa opp etter tråden. So sa han: «Når tyven går ut faller øksen ned.» Ja, ja, dei stussa ei stund, men så tok den ene etter den andre til å gå, men det var ein som ikkje ville gå. Så spurde Løeg om ikkje han også ville hjem og spise aftens. «Eg tør kkje gå ut døra» sa han. «Kanskje du veit noe om den 2-kroner vi savnest» spurde Løeg. «Ja, her er den» og så klaska han 2kroningen i borde og bygste ut døra.

Vi borna var trottige å vitje han Løeg, men, kom vi der om morgonen, låg han oftast. Vi banka på, og då kom han i underbuksa og nattlua og let opp. Men då han var støtt vasslaus, og spurde om vi ville vere så snille å hente litt vann. Ja, me skulle hente vann. Så fekk vi to blekkspann å bere det i, men vi måtte gå inni økomen (oppkome), sa han, for der er så ypperli godt vann. Det var ca. 200 m å gå. Når vi kom att med vannet stod han Løeg i døra, smilande som ei sol, og delte ut kaffisukker, pepermynte, eller Kongen av Danmark, alt etter kva som var på lageret.

Det var ikkje berre me borna og dei som budde her som besøkte han Løeg. Til og med Alexander Kielland, som var amtmann her kring århundredskifte, var inne i fyret og slo av ein prat med humoristen og tryllekunstnaren Løeg.

På det andre fyret her, som heitte Kvernholmen fyr, var bergenseren Elisæus Torgersen, fyrvogter. Han var ikkje spytten lik Løeg korkje i sinn eller skinn. Han ha vore skipoffiser og bar merke av det. På holmen vaks det mykje gras, og før der kom fyr, var det gardbrukarane som slo der. Då dei selgte holmen til staten vart pengane sette i bank, og seinare brukt til å byggja skulehus. Når han Torgersen kom, kjøpte han seg ei ku, så han skulle vera sjølvhjelpt med mjølk. Det måtte ha vore ei god mjølkeku, for ho skulle snart kalve, og enno mjølka ho mykje, og bare rømme, sa han. Han spurde seg føre hjå gardbrukarane og dei sa han måtte slå henne turr. Det var ikkje bra ho mjølka mykje heilt til ho skal kalve. Ja, han Torgersen rodd utatt på fyret, og gjekk løs og rundhjula kua, og han var ikkje nådige heller. Men kua ho mjølka bra like vel. Neste gong han kom innatt i Ullagarden, vart det snakk om kua på nytt. Han sa, at nå har han piska den

koen så meget som det er forsvarligt, og ennu melker den en god del. Dei måtte til å forklare han at det var ikkje på den måten det skulle tydast. Han måtte mjølke kua berre annan kvar dag.

So må eg nemne litt om desse gamle staute personane i frå min barndom. Det var no fiske først og fiske sist, men som han sa ein kar. Dei har ikkje vert bare inne, dei har vært ute også. Ein av dei ha arbeidt i fyrvæsenet, vore med å sett opp Ryvingen fyr utanfor Kristiansand. Ein av Norges største fyr på den tid. Sume ha vore i Trøndelag på jarnbanearbeid, mange har seilt i utenrikssfart og ein fortalte han ha vore med eit landnotlag på Karmøy på sildefiske til Island. Ein ha vore med i to krigar. Først i krigen mellom Japan og USA kring århundreskiftet og so i første verdenskrigen, 1914 - 1918. So var her fire losar. Dei to eldste ha sluttat for alderen. Dei fortalte om mange dramatiske hendingar frå sitt liv. Kor dei bala å få desse store seglskutene vel i hamn, og sameleis om heimroingen frå Trondheim. Det var ikkje å setje seg i eit fly og vere heime på timen: Det var ofte fleire losar frå øyane her som møttest i Trondheim, og då kjøpte dei ein gamal billig båt, laga segl av strie, og rodde og siglde heimatt. Var det ulagelegt ver kunne heimreisa vare både to og tre veker.

I eldre tid var her mange losar på kvar øy og det var kapping om å få tak i skutene. Losane gjekk ut på ytste haugen monge gonger kvar dag, og såg dei skute kom dei springande heimatt, og då måtte losgutane (roarane), vere spent klar. Båten stod i naustet, klar - så det var berre å manne seg på, å få den på sjøen. Det var ein gong ein båt med to mann kom roande i frå Flem. Det såg ut som dei skulle ut og fiske, men Ullakarane var ille vande, så for sikkerheits skuld gjekk dei ut til naustet og let opp dørene, og då bygste det opp fleire mann i Flemsbåten og sette seg ved årane. Ein av Ullalosgutane sa dei måtte bie eit øyeblikk. Hán var so trongde på naturens vegne, men det var ikkje råd å vente. Han ha berre å kome seg inn i båten. Det vart kapproing, men det hardna på med losguten. Han måtte i all hast få broka ned om kneda, og bakenden fram om tofta og so ro like godt. Losgutane fekk 2 kr. for ein slik tur dersom dei fekk skuta. Nådde dei ikkje fram var det eit blodslit utan betaling og det hende so mang ein gong.